



Nordhordland Næringshage AS
Mastrevik Torg

5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/268 - 16/17844

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2016

Vedtak om tilsagn på kommunal støtte til LivOgLyst-prosjekt Lindåsbygda "frå oske til eld"

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Nordhordland Næringshage AS

Hordaland Fylkeskommune, Jorunn K Fosse, Øystein Sørhaug

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 066/16 | Formannskapet | PS | 20.06.2016 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Øystein Sørhaug | 16/268 |

Vedtak om tilsagn på kommunal støtte til LivOgLyst-prosjekt Lindåsbygda "frå oske til eld"

Vedlegg:

LivOgLyst Hordaland tilsegn om tilskot på inntil kr 300 000 til prosjekt...

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå «Lindåsbygda – frå osk til eld» med 30.000 kroner for 2016, 30.000kr for 2017 og 30.000kr for 2018. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Formannskapet - 066/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Lindås kommune støttar søknaden frå «Lindåsbygda – frå osk til eld» med 30.000 kroner for 2016, 30.000kr for 2017 og 30.000kr for 2018. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Dokument i saka:

Tilsagn frå Hordaland fylkeskommune (2016/2587-6) som også inneheld prosjektinformasjon om søknaden frå prosjektet «Lindåsbygda - frå oske til eld».

Saksopplysningar/vurdering:

Prosjektansvarleg er i søknaden oppgjeven til Nordhordland Næringshage, medan HFK som er med på å finansiere prosjektet, har stilt krav om at prosjektansvarleg skal vere ein frivilleg organisasjon på Lindås. Det er no i ferd med å bli etablert ein ny frivilleg organisasjon på

Lindås, og det er denne som skal stå som tilsagnsmottakar for prosjektet.

Frå å vere ei hamn for handel og ferdsel i gamle tider, har Lindåsbygda flytta sentrum og bustader, handel og service opp langs hovudvegen. Nedre Lindås har likevel eit stort potensial for utvikling av både næringsliv, innbyggjarar og besøkande.

«Lindåsbygda – frå oske til Eld» skal samle bygda til felles aktivitetar for både nye og eksisterande innbyggjarar. I dag driv kvar og ein med sitt.

Det overordna målet til prosjektet er å skape samarbeid og trivsel som skal styrke identiteten til Lindåsbygda. Dette skal vere med på å auke aktivitetane mellom frivillige, kulturaktørar og næringsdrivande.

Prosjektet er no også teke opp som eit LivOgLyst-prosjekt, som er administrert og koordinert frå Hordaland fylkeskommune. LivOgLyst er eit lokalt samfunnsutviklingprogram som skal skapa attraktive by- og arbeidsområder/-senter i Hordaland og køyres no for sjuande år. Gjennom dette programmet, vil prosjektet få prosjektstøtte på 100.000kr frå HFK pr år, i totalt 3 år (2016-2018). Prosjektet får via HFK tett oppfølging, kompetansetiltak, tilgang til nettverk og ressurspersonar.

Prosjektet søkte om LivOgLyst-status alt primo 2016 til fylkeskommunen, men tilsagn og vedtak kjem først no. Det er denne søknadsdatoen (primo 2016) Lindås kommune legg til grunn som innkomen søknad til Lindås kommune, all den tid dette er snakk om det same prosjektet. Dette prosjektet er då med andre ord knytt opp til søknadsfristen til næringsfondet, 01.03.2016.

Totale kostnader i prosjektet er 450.000kr i perioden, og kor følgjande er definert som kostnadsaktivitetar:

| | |
|--------------------------------|-----------|
| · Kompetanseheving og nettverk | 75.000kr |
| · Mobilisering/samlingar | 75.000kr |
| · Prosjektleiing | 150.000kr |
| · Tiltak/bygdeaktivitet | 150.000kr |

Dei aktuelle kommunane må medverke med 30.000 kroner årleg i 3 år. Dette er eit krav i frå HFK/LivOgLyst.

Næringsfondet til Lindås kommune er eit verkemiddel for å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Ifølgje vedtektene kan støtte til bedriftsutvikling/etablering nyttast, særleg og spesielt når det gjeld tiltak som fremjar nyskaping og innovasjon og tiltak som fremjar samarbeid mellom bedrifter (nettverk). Begge desse vilkåra er tilstades i dette prosjektet.

Kultur- og næringsavdelinga i kommunen har fulgd prosjektet sidan starten, og prosjektet har mobilisert og samla aktørar heilt sidan starten vinteren 2013. Kommunen har store forventningar til at prosjektet skal nå sine prosjektmål.

I gjeldande kommuneplanen samfunnsdel (2011-2023) er Lindåsbygda definert som eit lokalsenter:

«Nordre delen av Lindås kommune er sterkt innretta mot raffineriet og oljebasen på Mongstad. Her er det lagt opp til omfattande industri- og næringsutvikling ved å setja av store nye næringsareal i kommune-delplanen for området. Dette kan gjera Mongstad-

området til eit dei største industriområda i landet. Stort politisk engasjement for at Noreg skal verta leiande på miljøside gjennom utvikling av reinseteknologi for CO2 dannar grunnlaget for ei spennande utvikling for næringslivet i området. utfordringane ligg i å skapa gode og attraktive butilbod og å tryggja framtida med arbeidsplassar som kan stø opp om hjørnesteinsbedriftene i området. Lindås- bygda utgjer fundamentet i busetnaden i dette området. Eit heilt ferskt vedtak om å byggja fleirbrukshall er med å styrkja det gode idretts- og kulturtilbodet og dermed bumiljøet her».

Kommunen vil oppnevna kulturavdelinga v/ Eileen Feste som fast kontaktperson til prosjektet i, men næringssjef vil og delta ved behov/kapasitet.